



Brannokumentasjon manglar for Bygdetunet Rød. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Under branntilsyn for Bygdetunet Rød og Skipsbyggermuseet kunne det ikkje framleggjast brannokumentasjon og dette vart notert som eit avvik.**

Dokumentasjonen skal mellom anna innehalde brannteikningar, branninstruks, instruks for tilsette og oversikt over øvingar og opplæring av nyttilsette. Av dokumentasjonen bør det og framgå kva som er maksimalt tillete personal i bygga.

Det må utarbeidast ein brannvernperm i samarbeid mellom tekniske tenester og kultur og fritid. Det blir kalt til eit samarbeidsmøte tidleg i det nye året. Fristen for retting av dette avviklet er utgongen av mars.

Det er også eit anna avvik: At det ikkje er gjennomført øvingar eller opplæring av nyttilsette. Alle tilsette skal ha nødvendig opplæring før dei tek til å arbeide og alle tilsette skal ha dei naudsynte kunnskapane om kva dei skal gjera i ein brannsituasjon. Også vikarar og faste brukarar av bygga skal ha opplæring. Verksemdsleiaren må utarbeida instruksar for opplæring av nyttilsette.

Av Ola Matti Mathisen